



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandler, innvalgstelefon

Ine Cecilie Jordalen Norum, 61 26 60 74

Høyringsfråsegn - søknad om løyve til midlertidig fråvik frå manøvreringsreglementet ved Tyin - Tyin kraftverk - Hydro Energi AS - Årdal kommune

Vi viser til motteke brev frå NVE 02.06.2026 med høyring av søknad om løyve til midlertidig fråvik frå manøvreringsreglementet ved Tyin kraftverk i Årdal kommune.

Bakgrunn

Hydro Energi søker om å tappe vatn under lågaste regulerte vasstand (LRV) og om å fråvike kravet til minstevassføring i perioden frå 1. mars til 17. april 2027. Medan Tynmagasinet er nedtappa, vil det bli sleppt ei minstevassføring på 0,3 m³/s fram til 1. mars og etter 17. april. I perioden frå 1. mars til 17. april skal det pumpast 150 l/s over dammen for å sikre vassføring i bekken mot Torolmen.

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren i Innlandet vurderer det som viktig at det blir sikra vassføring i bekken mot Torolmen gjennom heile perioden med fråvik. Dette er nødvendig for å ta vare på akvatiske naturverdiar og for å oppretthalde leveområde for artar knytte til vassdraget.

Vidare meiner vi det er svært viktig at nedtappinga av Tynmagasinet skjer gradvis, slik at fisk ikkje blir stranda på grunt vatn. Ei kontrollert nedtapping vil redusere risikoen for skade på fiskebestandane og andre vasslevande organismar. Vi legg og vekt på at vasstanden bør vere tilbake på eit tilnærma normalt nivå før gytevandringa til aure tek til om hausten.

Den mellombelse reduksjonen i vassføring kan og ha negative konsekvensar for fiskebestandane nedstraums Tynmagasinet. Ettersom vassdraget drenerer vidare inn i Vestland fylke, viser vi til eventuelle innspel frå Statsforvaltaren i Vestland når det gjeld moglege verknader nedstraums.

Statsforvaltaren har elles ingen ytterlegare merknader til høyringa av midlertidig fråvik frå manøvreringsreglementet ved Tyin.



Med hilsen

Tore Pedersen (e.f.)
avdelingsdirektør

Ine Cecilie Jordalen Norum
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Årdal kommune
Innlandet fylkeskommune
Statsforvaltaren i Vestland
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 40
Pb. 4404
Statens hus, Njøsavegen 2
Askedalen 2

6881	ÅRDALSTANGEN
2325	HAMAR
6863	LEIKANGER
6863	LEIKANGER